



Fedje skule v/rektor

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/8035 - 22/84384

Sakshandsamar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@alver.kommune.no

Dato:  
14.11.2022

## Fedje skule - Tilsynsrapport 2022

Den 3.11.22 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v." ved Fedje skule.

Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert.

På tilsynet møtte:

Rektor Mona Vabø og verneombod Lisbeth Elin Stuberg møtte for verksemda. Teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde møtte frå miljøretta helsevern.

### ➤ Samandrag

Det vart påpeikt 0 nye og 3 merknader.

- **Merknad 1 (§§6/13):** Skulen må ha ei vedteken vedlikehaldsplan. Merknad frå 2018!
- **Merknad 2 (§ 19):** Solavskjerming på «nyeskulen» må vurderast.
- **Merknad 3 (§§ 11/21):** Kantine (gamal gymsal) har ikkje tilfredsstillande lydforhold. Merknad frå 2018!

Kommunen må fatte vedtak som kan lukke tidlegare påviste avvik (vår ref. 15/3747 – 18/33004), slik at elevar og tilsette får dei arbeidsforholda som dei har krav på i samband med forskrifter og lovverk, samt at Fedje skule kan godkjennast etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»

Utbetring av merknader påpeikt ved dagens tilsyn bør utførast, ev. bør merknader setjast inn i ei handlingsplan.

Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på tilsynsrapporten innan **15.12.22**.

### ➤ Heimel

**Folkehelseloven, kap. 3 og Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i skulen" (IS-2073).

## ➤ Historikk

Fedje skule er barne- og ungdomsskulen på Fedje.

Skulen er ikkje godkjent etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»

*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. trådte i kraft **1.1.1996**.*

**§ 6; Krav om godkjenning:** Virksomheter som omfattes av forskriften, jf. § 2, skal være godkjent av kommunen.

I 2018 vart det påpeikt 4 avvik og 6 merknader. Eit avvik vart retta, mens 3 avvik står att inntil skulen kan søkje om godkjenning etter forskrifta.

Tidlegare påpeikte avvik som ikkje er utbetra er bl.a.:

- Skulen er ikkje godkjent etter forskrifta (§ 6).
- **Skulen har ikkje tilfredsstillande inneklima (§ 19).** Dette er hovudårsak til at skulen ikkje er godkjent.
  - Elevar og tilsette har krav på tilfredsstillande inneklima/luftkvalitet.
  - FHI: Inneklima som årsak til sykdom. Inneklimaforhold som temperatur og ventilasjon kan påvirke skoleprestasjoner og arbeidsevne. Selv om de aller fleste ikke blir syke av dårlig inneklima, kan inneklimarelaterte risikoforhold føre til både ubehag og mistrivsel. En del vil også kunne oppleve forverring av eksisterende sykdom og i noen tilfeller at sykdom utløses.
- Skulen har ikkje universell utforming (§ 9). (Rettast når det vert meldt om at elev med nedsett funksjonsevne skal begynne på skulen).

I 2018 vart det sendt tilbakemelding om at det var utarbeidd ei plan for å lukke avvika.

Påviste avvik vil ikkje bli omtalt på ny i denne rapport. Avvika har vore påpeikt sida **1998/1999**.

Tilsyn etter forskrifta vart utført i 2006, 2009, 2012, 2015 og 2018.

Anna:

Fedje skule har tidlegare rehabilitert naturfagsal og toalett knytt til elevane på «gamleskulen».

Naturfagsal har punktavslag over pultar, avtrekksskåp og kjemikaliar oppbevarast forsvarleg i egna skåp.

Toalett til elevane på «gamleskulen» er oppgradert, og det er etablert HC-toalett.

## ➤ Tilsyn

Skulen har 60 elevar i 2022.

Vurdering av internkontrollsysten (§4):

Verksamda skal nytta Netpower (som er under arbeid). Rutinar i IK, vil bli lagt inn i Netpower.

Internkontrollsystemet vil bli vurdert nærmere ved neste tilsyn (når Netpower er ferdig innført).

Til opplysning kan det nemnast at «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» er under revisjon (som er forventa ferdig innan 2022. Rettleiar til forskriften er forventa ferdig før sommar 2023).

Rektor må tilpasse skulens internkontroll med omsyn på miljøretta helsevern i skular når revidert forskrift føreligg.

Positive tiltak utført på skulen sidan sist tilsyn i 2018:

- I 2018 vart det påpeikt at skulen mangla tilfredsstillande branngryggleik. Det vart opplyst på tilsynet at skulen har fått montert brannvarslingsanlegg.
- I 2018 vart det påpekt at risikovurdering må vere ein del av vernerundar, og omfattet både elevar og tilsette sitt arbeidsmiljø. Vernerundar vert i fylge rektor utført på ei god måte saman med vaktmeister. BHT har bidratt med hjelp til gode vernerundar.
- Det vart det opplyst at helsestyrer har fått eige kontor og er på skulen 2 – 3 ganger pr. veke.

#### **Avvik/merknad:**

##### **Definisjonar:**

**Avvik:** Manglande etterleiving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

**Merknad:** Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

**Det vart ved tilsynet avdekkja 0 nye avvik og 3 merknader.**

- **Merknad 1: Skulen må ha ei vedteken vedlikehaldsplan. Merknad frå 2018!**

#### **§§ 6, 7 og 13; Krav om godkjenning, generelle krav, rengjøring og vedlikehold.**

##### Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Det har vore utført vedlikehald ved Fedje skule, men det er uklårt om Fedje kommune har utarbeidd ei vedteken vedlikehaldsplan for skulen. Merknad frå 2018!

Vedlikehaldsplan skal sikre at teknisk og funksjonell standard vert opprettholdt for heile bygningsmassen.

##### Kommentar:

Vedlikehaldsplan må beskrive innvendig og utvendig vedlikehald. Denne bør vere eit styringsdokument for kartlegging av vedlikehaldsbehov med påfølgjande kostnadar på kort og lang sikt.

Dette vart påpeikt i 2018, der tilbakemelding var at det skulle utarbeidast ei vedlikehaldsplan. Rektor er ikkje kjend med at det er ei vedteken vedlikehaldsplan for Fedje skule.

- **Merknad 2: Solavskjerming på «nyeskulen» må vurderast.**

#### **§ 19; Inneklima/luftkvalitet**

##### Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknad:

I klasserom på «nyeskulen» er det montert lette/tynne gardiner. Sola skin rett igjennom og leiar til auka (uønskt) temperatur i klasseromma.

##### Kommentar:

Det er ikkje ventilasjon i klasseromma, og då er det særskilt viktig at ikkje romma blir ekstra oppvarma grunna solinnstråling. Naudsynt solavskjerming må vurderast.

- **Merknad 3: Kantine (gamal gymsal) har ikkje tilfredsstillande lydforhold. Merknad frå 2018!**

#### **§§ 11 og 21; Måltid og lydforhold**

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Merknad påpeikt i 2018 er ikkje utbetra.

Skulen bør ha eit triveleg spisemiljø. I kantinen opplevast lydforholda som ikkje tilfredsstillande (lang etterklangtid/dårleg støydemping).

Kommentar:

Skulen bør vurdere lydforholda i kantinen, og utføre ev. tiltak for å betre lydforholda (støydemping).

**Anna:**

- **Leikeplassutstyr** vert kontrollert av vaktmeister.  
Minner om at leikeplassutstyr må jamleg kontrollerast og vedlikehaldas etter «[Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr](#)» og Norsk standard; [NS-EN 1176: Lekeplassutstyr og underlag](#) og [NS-EN 1177: Støtdempende lekeplassunderlag](#). Det anbefalast årleg kontroll.  
Det bør vurderast ekstern kontroll av leikeplassutstyr.

- **Radon:**

Syner til [Veileder i tilsyn med radon i skoler, barnehager og utleieboliger](#).

«I bygninger hvor tidligere målinger viser stabilt lave radonnivåer under tiltaksgrensen på 100 Bq/m<sup>3</sup>, er det tilstrekkelig å måle cirka hvert tiende år dersom det ikke har skjedd endringer i grunnforhold, bygningen eller ventilasjon i perioden».

Dersom skulen ikkje har utført radonmåling siste par år, må dette planleggast utført haust/vinter 2022/2023.

Kopi av måleresultat sendast [grethe.elin.mjelde@alver.kommune.no](mailto:grethe.elin.mjelde@alver.kommune.no).

- **Angåande Fedje fleirbrukskall**

Elevar frå Fedje skule nyttar Fedje fleirbrukskall til bl.a. skulekjøkken og gym.

**Fedje kommune v/teknisk må syte for fylgjande:**

- Kontroll av temperatur på kjøl og frys må utførast jamleg, der elevar har skulekjøkken.  
(Syte for tilfredsstillande lagring av mat).
- I Fedje fleirbrukskall må apparat/utstyr som nyttast til fysisk aktivitet (gym) bli kontrollert jamleg for slitasje (fast avtale om kontroll).  
Dette for å hindre ev. ulykker som kan oppstå ved svikt/skade på utstyret som nyttast.
- Rutine (avklare ansvar) for reingjering av apparat/utstyr i Fedje fleirbrukskall bør innførast.

Rektor ved Fedje skule må få rapport etter utført arbeid/innført rutine, for dei forhold som kan ha påverknad for bruken til elevane.

➤ **Tilbakemelding på tilsynsrapport**

På tilsynet vart det avdekka 0 nye avvik og 3 merknader.

Kommunen må fatte vedtak som kan lukke **tidlegare** påviste avvik (vår ref. 15/3747 – 18/33004), slik at elevar og tilsette får dei arbeidsforholda som dei har krav på i samband med forskrifter og lovverk, samt at Fedje skule kan godkjennast etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*»

Utbetring av merknader påpeikt ved dagens tilsyn bør utførast, ev. bør merknader setjast inn i ei handlingsplan.

Miljøretta helsevern ynskjer tilbakemelding på tilsynsrapporten innan **15.12.22**.

Tilbakemelding sendast til [grethe.elin.mjelde@alver.kommune.no](mailto:grethe.elin.mjelde@alver.kommune.no).

Med helsing

Kristine Borgemyr  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Link:**

- [Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#)
- [Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)
- [Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)
- [Veileder i tilsyn med radon i skoler, barnehager og utleieboliger](#)
- [Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr](#)
- [Folkehelseinstituttet \(FHI\): Anbefalte faglige normer for inneklima \(rapport 2015:1\)](#)

**Kopi til:**

Berit Karin Rystad  
Lisbeth Elin Stuberg  
Postmottak Fedje  
Pål-Eirik Holgersen  
Rolf Hansen

**Mottakarar:**

Fedje skule v/rektor